



Radøy Kommune - Kjersti Flatråker

Dato: 16.04.2015

Vår ref.: 2015/2465-3

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.:14/2666-15/2249

Fråsegn etter kulturhistorisk synfaring - Delingssak - Ny grunneigedom for heilårsbustad - Kvalheim nedre - Gnr 28 bnr 9 - Radøy kommune

Vi viser til Dykkar brev datert 24.02.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 04.03.2015 med varsel om synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldane området 15.04.2015. Det vart ikkje sett synlege automatisk freda kulturminne under synfaringa, og potensialet for nye funn blei vurdert til å vere lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar.

Det er ein steingard aust i det aktuelle området og vi ber om at ein tar omsyn til denne ved opparbeidning av feltet.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir oppdaga under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.